



# ROMEO OG JULIE

## STUDIEMATERIELL

**DET  
NORSKE  
TEATRET**



## KJÆRLEIKEN VINN OVER ALT, OGSÅ DØDEN

Verdas mest berømte og tragiske kjærleikshistorie, blir det kalla. Skodespelet Romeo og Julie av William Shakespeare blei skriva på 1600-talet, men blir framleis spelt på scenar over heile verda. I framsyninga vår har Maren Bjørseth regi, og det er to unge skodespelarar i tittelrollane.

Romeo og Julie er ein klassikar. Eit typisk trekk ved ein klassikar er det at materialet kan tolkast på nytt av nye generasjonar. Den engelske professoren og Shakespeare-eksperten Stanley Wells peiker på at Shakespeare tek opp tema som er lette å flytte i tid, mellom anna kjærleik, vennskap, hat, ondskap, familie og åtskiljing.

Medan Shakespeare levde, var det berre på scenen publikum kunne oppleve stykka. Det vi kjenner som Shakespeares samla verk, byggjer delvis på reine piratavskrifter frå framsyningane, eller på utgåver som skodespelarane publikserte som enkeltverk eller samlingar etter at forfattaren var død. Shakespeare har altså ikkje godkjent nokon av stykka, og det finst derfor ikkje ei endeleg utgåve av Shakespeares verk.

Har du god kjennskap til stykket Romeo og Julie frå før, vil du raskt sjå at det er gjort enkelte endringar til denne framsyninga. Til dømes er det fleire roller som er tatt bort eller slått saman i vår versjon. Stykket har fem akter, opphavleg er det ein prolog og epilog, men desse er ikkje med i dette stykket. Gjendiktinga er ved Edvard Hoem, men med enkelte språklege omskrivingar. Visuelt har framsyninga eit moderne uttrykk, og lydbildet er også prega av moderne musikk. Men historia er den same, språket like vakkert, og slutten like tragisk.

I dette studiemateriellet får du ein inngang til framsyninga, med eit kort handlingsresymé, intervju med sentrale aktørar, utdrag frå manus og oppgåver du kan bruke til for- eller etterarbeid.

Vi håper at besøket på Det Norske Teatret blir positivt, og at dette studiemateriellet gir deg nokre knaggar til å ta framsyninga med inn i undervisninga.

### **Beste helsing**

**Erlend Tårnesvik Dreiås**

*formidling- og pedagogisk ansvarleg*


- Det Norske Teatret

## MEDVERKANDE I FRAMSYNINGA




**KJERSTI  
DALSEIDE**

Julie, dotter av  
Fru Capulet



**AXEL G.  
BØYUM**

Romeo, son av  
Montague



**BERNHARD  
RAMSTAD**

Escalus, fyrste i  
Verona



**SIGVE  
BØE**

Bror Lorenzo,  
munk



**PREBEN  
HODNELAND**

Mercutio, ein  
ung slektning av  
fyrsten, venn av  
Romeo



**INGUNN BEATE  
ØYEN**

Fru Capulet



**JANNE  
HELTBERG**

Amma, i huset  
hos Capulet



**NIKLAS  
GUNDERSEN**

Paris, adelsmann,  
slektning av  
fyrsten / Tybalt,  
brorson av Fru  
Capulet



**AUDUN  
SANDEM**

Benvolio, brorson  
av Montague og  
venn av Romeo og  
Mercutio



**GARD  
SKAGESTAD**

Herr Montague

**Omsetjing:** Edvard Hoem

**Regissør:** Maren E. Bjørseth

**Scenograf og kostymedesignar:** Olav Myrtvedt

**Lysdesignar:** Torkel Skjærven

**Lyddesignar:** Knut Nikolai Bergstrøm

**Dramaturg:** Mari Moen



## RESYMÉ

# DEN MEST EINESTÅANDE OG YNKVERDIGE TRAGEDIEN OM ROMEO OG JULIE

Romeo og Julie er son og dotter i to familiar som er i ein langvarig og blodig krig med kvarandre. Dei møtest på ein fest og blir forelska. Sjølv om familiane er fiendar, sver Romeo og Julie kjærleik til kvarandre og giftar seg i løyndom fordi dei veit at foreldra deira ikkje vil akseptere det.

Etter bryllaupet hamnar Romeo i ein slåsskamp med søskenbarnet til Julie, Tybalt, og drep han. Neste dag må han rømme frå byen. Når Romeo er vekke, får Julie vite av mor si at ho må gifte seg med ein annan.

Julie er fortvila og besøker presten som vigde henne og Romeo. Han gir Julie ei gift som gjer at ho søv, men det ser ut som ho er død. Presten forsøker å fortelje Romeo om planen, men han rekk det ikkje i tide.

Romeo trur at Julie er død, og drep seg sjølv ved å drikke gift. Når Julie vaknar og finn Romeo død, tek ho sitt eige liv med ein kniv.

**RESYME:** er eit kort samandrag av eit skodespel, ein film eller ei bok. Her er det berre dei mest sentrale delane av handlinga som skal vere med.





## FOR- OG ETTERARBEID

Her finn de nokre oppgåver de kan arbeide med før, eller etter de har sett framsyninga. Desse oppgåvene kan vere ein samtale i plenum, gruppeoppgåver, eller individuelle oppgåver.

### STORE SPØRSMÅL

Det er store spørsmål ein møter i Romeo og Julie. Til dømes: Kva er kjærleik? Ville du gått mot familie og vennar for å følge kjærleiken? Blir handlingane våre bestemt av lagnaden, av reine tilfelle, eller av fri vilje? Bruk gjerne litt tid på å snakke om desse og andre spørsmål som er relevante for stykket. Få elevane til å tenke ut frå sitt eige liv, slik at tematikken i stykket på denne måten kan bli relevant for dei sjølve.

### KVA ER EIN KLASSIKAR?

Romeo og Julie er Shakespeares første store tragedie, skriven på midten av 1590-talet, når han er om lag 30 år. Forteljninga om Romeo og Julie er gammal, og element frå historia kan sporast tilbake til gresk oldtid, men størst inspirasjon fann Shakespeare i Arthur Brookes verseroman The Tragical History of Romeus and Juliet frå 1562.

- Vi kallar Romeo og Julie ein klassikar. Kvifor trur du stykket er definert som ein klassikar?
- Tenkjer du tematikken framleis er relevant? Kvifor/kvifor ikkje?
- Delar av framsyninga Romeo og Julie er modernisert. Kan du peike på element som er frå vår tid, og element som er gammaldagse?
- Ville det vere mogleg å spele Romeo og Julie plassert i 2016? Kvifor/kvifor ikkje?

### FORM OG DRAMATURGI

Shakespeare er ein kjend representant for det vi kallar fem-akt-strukturen. Det betyr at vi kan dele handlinga i stykket opp i fem delar, og kvar del har ei bestemt oppgåve i å bygge opp karakterar, intrige og spenning, og drive handlinga vidare mot eit klimaks og ein logisk slutt. Typisk blir karakterar og situasjonar etablerte i opningsscenen, og så utviklar historia seg derifrå. I Romeo og Julie får vi etablert at dei to husa Capulet og Montague er i ein langvarig konflikt. Vi veit at fyrsten vil ha ein slutt på den blodige konflikten, og lovar dødsstraff over den som bryt freden.

Denne måten å strukturere historia på har etter kvart blitt ein klassisk modell, som t.d. er vanleg i Hollywood-film. Det eksisterer fleire variasjonar over korleis denne modellen ser ut, men hovudinnhaldet er det same,



og stammar frå antikken, slik det blei tolka i italiensk renessanse og franskklassisismen.

Akt 1 – Eksposisjon: Her blir setting for handlinga (tid/stad) introdusert, karakterar og konflikt blir presenterte.

Akt 2 – Stigande handling: Handling i denne akta fører mot klimaks. Typisk vil komplikasjonar melde seg, eller protagonisten vil møte hindringar.

Akt 3 – Klimaks: Vendepunktet i stykket. Kjenneteiknet er at her finn vi høgaste grad av spenning.

Akt 4 – Fallande handling: Historia nærmar seg slutten, og alle ukjende detaljar og handlingsforviklingar blir avslørt og oppklara.

Akt 5 – Avslutning: Den endelege konklusjonen.

I følge Aristoteles skal kva del i tragedien komme som ein logisk følge av det som har skjedd før. Sjå på handlinga i Romeo og Julie:

- Er det eit logisk årsak/verknad-forhold mellom dei ulike delane?
- Kva er klimaks, eller vendepunktet, i Romeo og Julie?
- Kva har skjedd før som gjer dette til eit logisk klimaks?
- Ta ein film du kjenner godt. Sjå om du greier å plassere handlinga i 5-aktstrukturen. Kva passar, kva passar ikkje?

### **LAG EIT RESYMÉ**

Eit resymé er ei kort oppsummering av handlinga i eit skodespel, ei bok eller ein film. Eit resymé bør vere objektivt framstilt, som betyr at du ikkje skal legge inn eigne vurderingar av t.d. kvaliteten, om verket er godt eller dårleg. Ofte er det få adjektiv i denne typen tekstar.

Sjå på resymeet som står i dette studiemateriellet.

- Er det eit godt eller dårleg resymé? Diskuter.
- Kva er det ein mister i eit så kort resymé?
- Gjer resymeet om til ei adjektivhistorie (sett inn adjektiv før substantiva). Kva skjer?

Ta ein film eller ein roman du kjenner godt.

- Prøv å skriv eit så kort resymé som mogleg, som samstundes får med det viktigaste i handlinga. (Maks ei halv A4-side)

Diskuter i plenum:

- Kva er eit godt resymé?

### **FRÅ ENGELSK TIL NYNORSK**

Sjå på balkongscenen slik han står i dette materiellet.

- Les både den norske og den engelske versjonen i klassen, del gjerne ut roller slik at fleire er med (Romeo, Julie og amma).
- Gå gjennom og snakk om kva som skil dei to.
- Korleis er språket? Naturleg? Vakkert? Poetisk? Kunstig?

I Romeo og Julie er språket poetisk og rytmisk. Når det er eit poetisk språk, t.d. i lyrikk, snakkar ein gjerne om gjendikting.

- Kva er skilnaden på ei omsetjing og ei gjendikting?
- Prøv å gjendikte starten på balkongscenen til moderne språk, slik elevane ville sagt det i dag med sitt eige språk.



**DEL MED OSS.** Vi vil gjerne høyre kva de syns om framsyninga. Send gjerne teaterkritikkane de skriv til skole@detnorsketeatret.no

## TEATERKRITIKK

Sjå under, og gå inn og les kritikkane Romeo og Julie fekk. Diskuter dei ulike kritikkane.

- Kven er positiv, og kven er negativ? Finn eksempel på begge delar.
- Er det nokre punkt fleire/alle kritikarane er einige om?

Nokre av kritikarane brukar terningkast (t.d. Aftenposten, og Dagsavisen).

- Meiner du at terningkastet passar til teksten?
- Er det ei oppskrift i form som går igjen (t.d. handlingsreferat, vurdering, konklusjon, osv.)?

Sjå på dei ulike elementa i framsyninga (t.d. musikk, manus, regi, skodespelarar, scenografi, kostyme osv.)

- Kva blir nemnt og kva blir ikkje nemnt av element?
- Kva for kritikk er du mest einig i sjølv?

Skriv din eigen teaterkritikk av framsyninga.




**Frisk fjortisforelskelse**  
Med klining, konfetti og knis skaper Det norske teatret en kul versjon av Shakespeares klassiske kjærlighetstragedie.

**Voldelig og lyrisk om ung kjærlighet**  
MONA LEVIN

**«Ung, vital og overbevisende»**  
Klassekampen



**I strategi og lidenskap, humor og sorg finner «Romeo og Julie» balansen**  
Hett blod, stø balanse.



**Ikke bare kjærlighet og død**  
I en ungdommelig frisk versjon av «Romeo og Julie» er det bipersonene som stjeler showet.

**KRITIKK:** Finn link til nokre av kritikkane Romeo og Julie fekk på nettsida til Det Norske Teatret.



**INTERVJU**



## NO FEAR SHAKESPEARE

Maren Bjørseth er regissør for framsyninga Romeo og Julie.


**TEKST**

Åsne H. Dahl Torp

**FOTO**

Siren Høyland Sæter






**FILMEN.** Baz Luhrmanns film frå 1996 var for mange det første møtet med Romeo og Julie. Det var Leonardo diCaprio og Claire Danes som spelte hovudrollane.



**MUSIKK.** Gå inn på Spotify, og spelelista *Romeo og Julie på Det Norske Teatret*, for å høyre musikken som blir brukt i framsyninga.



Mitt første møte med Romeo og Julie var sjølvstøtt med Leo. Eg var vel 13 år, trur eg. Det var på Stjørdal Kino. Eit heftig møte, eg blei heilt slått i bakken! Reint bortsett frå at Leonardo di Caprio var veldig kjekk, så blei eg treft av at dei var så unge. At verda var så håplaus rundt dei. Det kjende eg meg veldig igjen i. Det er nett slik det er når ein er ung. Alle kjenner seg på eitt eller anna vis utanfor, ingen forstår ein. Og dette treffer meg framleis. Romantikken ligg for meg først og fremst i at dei finn nett den dei har lyst til å vere i lag med. Dei treng kvarandre nett der og da. Romeo og Julie handlar om den ultimate forelskinga, ikkje den ultimate kjærleiken.

«Vi skal ta Shakespeare på alvor, men ikkje vere redde for å lage våre eigen versjon av stykket. Mottoet er:  
No fear Shakespeare.»

Romeo og Julie er veldig unge og passar ikkje inn i samfunnet. Dei treng kvarandre for å bryte ut, for å flykte vekk frå den håplause verda og foreldrefeiden som ikkje har noko med dei å gjere. Byen dei bur i, blir halden saman av ein urgamal konflikt. Her er vald, maktkonstellasjonar, vennskap og uvennskap og usynlege samfunnsstrukturar. Dei unge lid under forfedranes synder, kjempar i ein konflikt dei ikkje kjenner bakgrunnen for. Nokre må ofrast for freden. I dette tilfellet er det Romeo og Julie. Det er tragisk, men eg trur dessverre det ofte er slik også i den verkelege verda.

Romeo og Julie har potensiale i seg til å bli ei heilt eiga verkelegheit. Det har sin eigen logikk. Eg ser for meg at det første kysset blir ein veldig magisk augneblink, det er dette som set i gang ei lang rekkje hendingar som endar i tragedie. Eg kan love fantasi, humor, ballongar, musikk, konfetti og kanskje litt blod. Masse fest, magi, romantikk, fektning, bryllaup, eit brev på avvegjar, tragedie, komedie, gift og død. Og musikk! På inspirasjonslista finn du foreløpig ei relativt variert blanding: Mykje elektropop, ein del 80-talsmusikk og sjølvstøtt eit par kjende kjærleikssongar. Musikaliteten vil absolutt bli viktig for universet vi skal forsøke å skape. Vi skal ta Shakespeare på alvor, men ikkje vere redde for å lage «vår eigen» versjon av stykket. Mottoet er: «No fear Shakespeare»

Det er med skrekkblanda fryd at eg går laus på eit så kjent materiale. Men eg prøver å ikkje tenkje for mykje på at folk har forventningar om korleis Romeo og Julie «skal» vere. Det gjeld å stole på at vi som skal lage framsyninga, finn ut av det i lag, at vi klarar å opne opp materialet og finne noko nytt der. Eg håpar vår Romeo og Julie kan overraske og glede publikum, at det blir ei energisk, teatral, leiken og spenstig oppleving. Kanskje kan ho inspirere publikum til å leve litt meir i noet?



## DESPERAT FORELSKA

Axel Gehrken Bøyum er 20 år. Kjersti Dalseide 29. I vår er det dei to som skal spele det desperat forelska unge paret som vel døden framfor å leve utan kvarandre.



### Korleis var dykkar første møte med Romeo og Julie?

**Kjersti:** Oj! tenkte eg. Eg såg Baz Luhrmanns filmatisering av Romeo og Julie første gongen ein gong på ungdomsskolen. Lagnaden deira trefte meg med det same. Det var så levande, liksom.

**Axel:** Kjempkjedeleg! tenkte eg. Vi brukte friminutta på barneskolen til å sjå filmen. Eg var kanskje litt ung, hehe. Eg såg han opp att nokre år seinare, og da var det ei god oppleving. Språket treffer meg spesielt. Det er jo så vakkert! Det blir ei stor oppgåve å setje seg inn i. Eg skal ikkje berre seie at ei jente er pen, men eg skal seie det med fyndige ord over ei halv side.

### TEKST

Åsne H. Dahl Torp

### FOTO

Siren Høyland Sæter



**Kjersti:** Og det er jo heilt drygt det der med å bryte med familien for kjærleiken. Ekstremt modig. Dette er inga florlett forelsking. Romeo og Julie har ein enorm viljestyrke. Og Julie har skikkeleg bein i nasen! Personleg har eg aldri opplevd noko slikt. Men eg trur at det innanfor visse miljø kan skje liknande ting i dag.

### **Dette er Romeo og Julies første ordentlege forelsking. Kva minne har de sjølve frå dykkar første møte med kjærleiken?**

**Axel:** Første gongen eg var forelska, var i barnehagen. Seinare blei kjenslene og forelskingane sterkare, og eg visste ikkje kva eg skulle gjere dersom det blei slutt. Men når du blir større, skjønar du at livet går faktisk vidare, sjølv utan den personen.

**Kjersti:** Da eg gjekk i 3. klasse på barneskulen, likte eg ein gut i klassen. Eg visste nok ikkje heilt kva forelsking var. I ein bursdag leikte vi kyss klapp og klem, og like etter spurte han om kjangs på meg på ein lapp. Det var så uskuldig. Ein gong sat eg på fanget hans i klassens time, hugsar eg. Det var alt. Eg trur det ligg i menneskenaturen å bli forelska og søke kjærleik. Det er eit evig tema.

### **Familiane til Romeo og Julie er fiendar, derfor kan dei ikkje få kvarandre, og derfor må dei gå i døden for kvarandre. Korleis hadde det gått dersom dei kunne fått kvarandre?**

**Kjersti:** Det er jo eit heilt nytt stykke! Men dei ville jo blitt betre kjende enn dei blir i dette stykket. Det kunne sikkert gått begge vegar. Men eg opplever at dei ser kvarandre veldig som menneske. Eg likar å tru at det hadde gått bra!

**Axel:** Vi strevar jo alltid etter det vi ikkje kan få. Det som er forbode, blir ekstra spennande. Det er vanskeleg å seie korleis det hadde gått dersom det ikkje var ein premiss...

### **Romeo og Julie går jo ekstremt langt for kjærleiken. Har de sjølve gjort noko for å få eller for å halde på den de ville ha?**

**Axel:** Ikkje noko i nærleiken av dette, men eg hugsar eg blei veldig inntatt i ei jente. Eg hadde berre sett henne i friminutta på skolen, men så var vi plutseleg på same fest. Eg våga ikkje gå bort og prate med henne. Så såg eg at ho skulle hoppe på trampoline i lag med ei venninne, og for å komme i kontakt stilte eg og ein kompis oss framføre trampolinen og sa at det ikkje var lov til å hoppe. Det er veldig flaut når eg tenkjer på det no. Men vi fekk kontakt, og prata saman kvar dag etter dette.



**PODCAST.** Gå inn på Det Norske Teatret på iTunes eller SoundCloud og høyr podcast, med samtale mellom Kjersti Dalseide, som spelar Julie, og Preben Hodneland, som spelar Mercutio.

**Kjersti:** Eg var nok også mest avstandsforelska i ungdomsåra. Og ein meister til å dagdrøyme! Ein gong då eg var 16 år, sneik eg meg vekk frå ein nyttårsfest klokka tolv for å møte ein gut. Han var på ein annan fest, så vi møttest på halvvegen med kvar vår spark. Eg fikk mitt første nyttårskyss der i skogen, og sparka heim i lykkerus.



«Det er dette eg vil gjere, eg kan ikkje tenkje meg noko anna.»  
Axel Gehrken Bøyum

**Romeo og Julie møter kvarandre på eit ball, og det er kjærleik ved første blick. I dag sjekkar folk kvarandre opp på Tinder, Sukker og match.com. Er moderne kjærleik meir overflatisk?**

**Kjersti:** Eg trur kjærleiken er like sterk, men kanskje sjølve sjekkinga er litt meir overflatisk. Eg trur vi blir meir kritiske. Kjærleik har jo mest blitt ei kommersiell greie. Kanskje den neste personen ein møter er enda meir rett? Kanskje var det lettare å velje å «gå for» nokon før. Eg elsker for eksempel romantiske filmar som Notting Hill, eg forventar den kjensla når eg møter nokon. Men det er vel ikkje alltid heilt slik i verkelegheita.



«Eg fikk mitt første nyttårskysst der i skogen, og sparka heim i lykkerus.»

Kjersti Dalseide

**Du er jo ein veldig ung Romeo. Sjølv om han skal vere ung, blir denne rolla vanlegvis spelt av skodespelarar som er langt eldre enn du...**

**Axel:** Ja, eg har jo ganske kort erfaring. Eg føler eg har snike litt i køen! Men derfor kjenner eg også at eg må jobbe desto hardare. Eg kjenner presset, for å seie det slik. Det er veldig spennande! Men eg er klar over at eg er heldig. Det er dette eg vil gjere, eg kan ikkje tenkje meg noko anna.

**Kjersti:** Det er på ein måte som ei forelsking, dette med teater. Eg har prøvd å gløyme det. Men eg har måtta komme tilbake. Det kan vere vanskeleg å forstå kvifor ein blir forelska i ein person, og nett slik er det også med teater. Det er ein lidenskap, akkurat som kjærleiken. Her er jo Romeo og Julie ei stor inspirasjonskjelde. Dei tek vanskelege val, bryt med konvensjonane og går ekstremt langt for det dei trur på og følgjer hjartet sitt!



## KVA ER EIT NAMN?

Sjølv om Shakespeare er ein av dei mest kjende dramatikarane i verda, er det mykje vi ikkje veit om livet hans. Her er nokre fakta om William Shakespeare.

William Shakespeare (1564-1616) blir ofte omtala som den største dramatikaren i verda. Han lånte historier frå mange ulike kjelder, mellom anna historie, mytologi, legender, fiksjon og andre stykke, men omarbeidde desse.

**FØDD.** William Shakespeare vart fødd i 1564 i Stratford-upon-Avon, men sjølv fødselsdagen er ukjend. Han vart døypt 26. april dette året, så ein trur han vart fødd kort tid før det.

**FAMILIE.** 18 år gammal gifta Shakespeare seg med den åtte år eldre Anne Hathaway. Ho var 26 år og tre månader på veg med Shakespeares barn. Dei fekk til saman tre barn, først ei dotter, så eit tvillingpar med ein gut og ei jente. Det er i dag ingen familie igjen etter Shakespeare, da hans einaste barnebarn døydde barnlaus i år 1670.

**WILL.I.AM?** Shappere? Shaxberd? Tja... namnet Shakespeare blir stava på meir enn 80 ulike måtar i ulike oppteikningar. Shakespeare sjølv verka usikker på korleis namnet hans burde skrivast og veksla mellom ulike stavemåtar.


**TEATERKOMPANI.** Shakespeare var skodespelar. Han kom til London på 1580-talet og slutta seg til The Chamberlain's Men.

**PRODUKTIV.** Han skreiv minst 28 skodespel og 154 sonettar. Blant dei mest kjende skodespelar finn vi Hamlet, Othello, Kong Lear, Macbeth, og sjølvsgatt Romeo og Julie.

**MANUSKRIFT.** Ingen av Shakespeares originalmanuskript eksisterer i dag. Dei fleste skodespela blei utgjevne etter hans død.

**ORDSMED.** Shakespeare laga mange nye ord, og fleire av desse brukar vi den dag i dag. I The Oxford English Dictionary står han oppført som opphavsmann til nesten 3000 ord i det engelske språket. Han er òg opphavsmann til fleire engelske munnhell, t.d. «Knock, knock! Who's there?», «In a pickle», «Heart of gold», «Fight fire with fire», «Naked truth», «What's done is done», «Love is blind», for å nemne nokre få.





**GLOBE:** Globe Theatre blei bygd i 1599 av Shakespeares teaterkompani. Ein trur det var eit sirkelforma trebygg, med ein scene i midten, ståplassar på bakken, og fleire balkongar i høgda. I 1613 brann teateret ned, og i dag er det ein rekonstruksjon du kan sjå i London.


**DAGFRAMSYNING.** Globe Theatre var eit utandørsteater, og alle framsyningane blei spelte på ettermiddagen, grunna behovet for dagslys.

**TILHØYRARAR.** For publikum på Shakespeares tid var det viktigaste å høyre stykket. Dei gjæveste plassane i salen var plassert bak på scenen; der hørde ein skodespelarane best. Det engelske ordet for publikum, audience, heng saman med det latinske ordet audire, som betyr å høyre. Ordet «spectator», eller «tilskodar», kom seinare, og parallelt med at dei visuelle elementa på scenen blei meir forseggjorde.




**KVINNEFORBOD.** På Shakespeares tid fekk ikkje kvinner lov til å spele teater. Derfor var det menn – eller unge gutar – som spelte rollene som kvinner, t.d. Julie i Romeo og Julie. Gutane spesialiserte seg på å spele kvinneroller, og fekk gjere dette heilt til dei kom i stemmeskiftet.

**ULIK FOR LOVA.** På denne tida var det ikkje lov å kle seg over sin eigen klasse. Skodespelarar var det einaste unntaket frå denne lova, og dei kunne derfor ha kostyme tilpassa rolla dei spelte.



**SELFIE.** Vi veit faktisk ikkje korleis Shakespeare såg ut. Inga av portrettmåleria av Shakespeare blei måla medan han levde. Skal ein tru dei portretta som eksisterer, hadde Shakespeare ein gullring i venstre øyre.

**DØD.** Truleg døydde Shakespeare 3. mai 1616. På gravstøtta til William Shakespeare står orda «Curst be he that moves my bones».



## UTDRAG



## BALKONGSCENEN

Balkongscenen er ei av dei mest kjende scenene frå stykket. Samanlikn den engelske og norske versjonen.

*ROMEO kjem.*

### **ROMEO**

Den ler av sår som aldri sjølv vart såra.

*JULIE kjem til syne der oppe.*

Men hysj! Kva lys bryt gjennom glaset no?  
Det gryr i aust, og Julie er sola!  
Stig, sol! Drep den misunnelege månen  
som alt er sjuk og bleik av sorg fordi du  
som er hennar terne strålar meir.  
Ten ikkje månen, som ber agg til deg,  
for hennar sjalusiens drakt er grønbleik,

*Enter ROMEO*

### **ROMEO**

He jests at scars that never felt a wound.

*JULIET appears above at a window.*

But, soft! what light through yonder window  
breaks?  
It is the east, and Juliet is the sun.  
Arise, fair sun, and kill the envious moon,  
Who is already sick and pale with grief,  
That thou her maid art far more fair than she:  
Be not her maid, since she is envious;



og berre dårar ber den. – Kast den av!  
Det er mi herskarinne! Ho eg elskar.  
Å, om ho berre visste!  
Ho talar når ho teier. Det er auga  
som fører ordet. Eg vil svara. Vent!  
Det er slett ikkje meg ho talar til.  
To av dei klaraste blant himlens stjerner  
vil gå eit ærend og bed auga hennar  
tindre i deira stad til dei kjem att.  
Om stjernene og auga bytte plass,  
vart stjernene reint grå mot kinnets glans,  
slik lamper bleiknar bort i dagslyset.  
Og auga ville tindre slik i sfærane  
at fuglane tok til med morgonsong.  
Sjå korleis ho legg kinnet mot si hand!  
Å, om eg var ein hanske på den handa,  
så eg kom kinnet nær.

**JULIE**

Å!

**ROMEO**

Høyr, ho talar!

Tal meir, du lyse engel, for du står  
så strålande i natta over meg  
som vengebore sendebod frå himlen.

**JULIE**

Å Romeo, Romeo, kvifor er du Romeo?  
Fornekt din far, forkast ditt namn. Men vil  
du ikkje, sver da at du elskar meg,  
og eg er ikkje meir ein Capulet.  
D'er berre namnet ditt som er din uvenn.  
Du er deg sjølv, og ingen Montague.  
Kva er Montague? Det er kje hand og fot  
arm eller andlet, ingen annan del  
av mennesket. Å, ver eit anna namn!  
Kva er eit namn? Det som vi kallar rose  
vil ange like søtt med anna namn.

Her vestal livery is but sick and green  
And none but fools do wear it; cast it off.  
It is my lady, O, it is my love!  
O, that she knew she were!  
She speaks yet she says nothing: what of that?  
Her eye discourses; I will answer it.  
I am too bold, 'tis not to me she speaks:  
Two of the fairest stars in all the heaven,  
Having some business, do entreat her eyes  
To twinkle in their spheres till they return.  
What if her eyes were there, they in her head?  
The brightness of her cheek would shame those  
stars,  
As daylight doth a lamp; her eyes in heaven  
Would through the airy region stream so bright  
That birds would sing and think it were not night.  
See, how she leans her cheek upon her hand!  
O, that I were a glove upon that hand,  
That I might touch that cheek!

**JULIET**

Ay me!

**ROMEO**

She speaks:

O, speak again, bright angel! for thou art  
As glorious to this night, being o'er my head  
As is a winged messenger of heaven  
Unto the white-upturned wondering eyes  
Of mortals that fall back to gaze on him  
When he bestrides the lazy-pacing clouds  
And sails upon the bosom of the air.

**JULIET**

O Romeo, Romeo! wherefore art thou Romeo?  
Deny thy father and refuse thy name;  
Or, if thou wilt not, be but sworn my love,  
And I'll no longer be a Capulet.

**ROMEO**

[Aside] Shall I hear more, or shall I speak at this?

**JULIET**

'Tis but thy name that is my enemy;  
Thou art thyself, though not a Montague.

Om ikkje Romeo vart kalla Romeo,  
så var han like fullkomen som no.  
Å Romeo, legg av det namn som ikkje  
er nokon del av deg. I staden kan du ta  
heile meg.

**ROMEO**

Eg tar deg på ditt ord.  
Kall meg din kjærleik, så er eg døypt på ny.  
Frå no av er eg ikkje Romeo meir.

**JULIE**

Kva mann er du, som løyner deg i mørkret  
og tumlar inn i mine løynde tankar?

**ROMEO**

Eit namn kan ikkje seia kven eg er.  
Namnet har vendt seg hatefullt imot meg,  
min engel, for det er din fiende.  
Og fanst det skrive, reiv eg arket sund.

**JULIE**

Mitt øyre har kje drukke hundre ord  
frå tunga di – men røysta kjenner eg.  
Du er jo Romeo, og ein Montague?

**ROMEO**

Ingen av delane, om du er mot det.

**JULIE**

Korleis og kvifor kom du, sei meg det!  
Hagemuren er vond og høg å klive,  
og døden lurar, sidan du er du,  
om ein av mine kjem og finn deg her.

**ROMEO**

På kjærleiksvenger flaug eg over muren.  
Steinmurar stenger ikkje kjærleik ute.  
For alt kjærleiken kan, det vågar han,

What's Montague? it is nor hand, nor foot,  
Nor arm, nor face, nor any other part  
Belonging to a man. O, be some other name!  
What's in a name? that which we call a rose  
By any other name would smell as sweet;  
So Romeo would, were he not Romeo call'd,  
Retain that dear perfection which he owes  
Without that title. Romeo, doff thy name,  
And for that name which is no part of thee  
Take all myself.

**ROMEO**

I take thee at thy word:  
Call me but love, and I'll be new baptized;  
Henceforth I never will be Romeo.

**JULIET**

What man art thou that thus bescreen'd in night  
So stumblest on my counsel?

**ROMEO**

By a name  
I know not how to tell thee who I am:  
My name, dear saint, is hateful to myself,  
Because it is an enemy to thee;  
Had I it written, I would tear the word.

**JULIET**

My ears have not yet drunk a hundred words  
Of that tongue's utterance, yet I know the sound:  
Art thou not Romeo and a Montague?

**ROMEO**

Neither, fair saint, if either thee dislike.

**JULIET**

How camest thou hither, tell me, and wherefore?  
The orchard walls are high and hard to climb,  
And the place death, considering who thou art,  
If any of my kinsmen find thee here.

**ROMEO**

With love's light wings did I o'er-perch these walls;  
For stony limits cannot hold love out,  
And what love can do that dares love attempt;



og dine frendar stansar ikkje meg.

**JULIE**

Men om dei finn deg, vil dei drepa deg!

**ROMEO**

I auge ditt ligg større fare enn  
i tjue sverd! Sjå berre mildt på meg,  
så har eg vern mot deira fiendskap.

**JULIE**

Dei må for alt i verda ikkje sjå deg!

**ROMEO**

Mi kåpe, natta, gøymer meg for dei.  
Og elsker du meg – la dei finne meg!  
Å døy av deira hat er betre enn  
å tærast bort i saknet av din kjærleik.

**JULIE**

Kven synte veg, slik at du fann fram hit?

**ROMEO**

Min kjærleik, han som dreiv meg ut på leit.

**JULIE**

Du veit at natta er mi maske no, -  
for elles raudna mine jomfrukinn  
fordi du høyrde det eg nyleg sa.  
Eg skulle gjerne følge sed og skikk  
og nekte det eg sa. Farvel, all høfleg form!  
Elskar du meg? Eg veit du svarar ja,  
og trur deg på ditt ord. Men om du sver,  
kan eiden vera falsk, Jupiter ler  
av kjærleiks meineid, veit vi. – Romeo!  
Elskar du meg, så sei det ærleg no!  
Men synes du det var for lett å få meg,  
skal eg bli vrang og kald og seia nei  
så du må fri til meg – men elles ikkje.  
På alvor, Montague, eg er for yr!  
Og kanskje synest du eg er lettsindig.

Therefore thy kinsmen are no let to me.

**JULIET**

If they do see thee, they will murder thee.

**ROMEO**

Alack, there lies more peril in thine eye  
Than twenty of their swords: look thou but sweet,  
And I am proof against their enmity.

**JULIET**

I would not for the world they saw thee here.

**ROMEO**

I have night's cloak to hide me from their sight;  
And but thou love me, let them find me here:  
My life were better ended by their hate,  
Than death prorogued, wanting of thy love.

**JULIET**

By whose direction found'st thou out this place?

**ROMEO**

By love, who first did prompt me to inquire;  
He lent me counsel and I lent him eyes.  
I am no pilot; yet, wert thou as far  
As that vast shore wash'd with the farthest sea,  
I would adventure for such merchandise.

**JULIET**

Thou know'st the mask of night is on my face,  
Else would a maiden blush bepaint my cheek  
For that which thou hast heard me speak to-night  
Fain would I dwell on form, fain, fain deny  
What I have spoke: but farewell compliment!  
Dost thou love me? I know thou wilt say 'Ay,'  
And I will take thy word: yet if thou swear'st,  
Thou mayst prove false; at lovers' perjuries  
Then say, Jove laughs. O gentle Romeo,  
If thou dost love, pronounce it faithfully:  
Or if thou think'st I am too quickly won,  
I'll frown and be perverse an say thee nay,  
So thou wilt woo; but else, not for the world.  
In truth, fair Montague, I am too fond,  
And therefore thou mayst think my 'havior light:

Men vit at eg skal syne meg meir trufast  
enn dei som spelar kalde og held avstand.  
Eg vedgår at eg burde vera stolt.  
Men før eg ante, overhørde du  
det hjartet mitt er fullt av. Tilgi meg!  
Og ikkje tru det er ein lettvinns kjærleik  
eg openberra i den mørke natt.

**ROMEO**

Eg sver, du kjære, ved alt månesølv  
som skin i kronene på desse frukttre -

**JULIE**

Nei, ikkje sver ved månen, han er trulaus  
og skifter fasar månaden igjennom,  
la ikkje elsken din bli like skiftande.

**ROMEO**

Kva skal eg sverja ved?

**JULIE**

Sver ingen ting!  
God natt, god natt. Må same milde fred  
som fyller meg, fyller ditt hjarte med.

**ROMEO**

Skal eg stå att her no; så full av lengsler?

**JULIE**

Kva kan di lengsle stillast av i kveld?

But trust me, gentleman, I'll prove more true  
Than those that have more cunning to be strange.  
I should have been more strange, I must confess,  
But that thou overheard'st, ere I was ware,  
My true love's passion: therefore pardon me,  
And not impute this yielding to light love,  
Which the dark night hath so discovered.

**ROMEO**

Lady, by yonder blessed moon I swear  
That tips with silver all these fruit-tree tops--

**JULIET**

O, swear not by the moon, the inconstant moon,  
That monthly changes in her circled orb,  
Lest that thy love prove likewise variable.

**ROMEO**

What shall I swear by?

**JULIET**

Do not swear at all;  
Or, if thou wilt, swear by thy gracious self,  
Which is the god of my idolatry,  
And I'll believe thee.

**ROMEO**

If my heart's dear love--

**JULIET**

Well, do not swear: although I joy in thee,  
I have no joy of this contract to-night:  
It is too rash, too unadvised, too sudden;  
Too like the lightning, which doth cease to be  
Ere one can say 'It lightens.' Sweet, good night!  
This bud of love, by summer's ripening breath,  
May prove a beauteous flower when next we meet.  
Good night, good night! as sweet repose and rest  
Come to thy heart as that within my breast!

**ROMEO**

O, wilt thou leave me so unsatisfied?

**JULIET**

What satisfaction canst thou have to-night?



**ROMEO**

Å få din truskapseid i pant for min.

**JULIE**

Den fekk du lenge før du bad om det.  
Eg skulle gjerne ha min eid til gode.

**ROMEO**

Tar du han att? Men kvifor, kjæraste?

**JULIE**

For å gi deg lovnad ein gong til!  
Men likevel, no har eg alt eg treng.  
Mitt hjartelag er botnelaust som havet.  
Min kjærleik like djup. Jo meir eg gir,  
jo meir er att. Begge er utan grenser.

**AMMA**

*Innanfor.*

Julie! Kom hit til meg!

**JULIE**

Eg kjem no, amme. Søte Montague, ver trufast!  
Vent berre litt, så kjem eg ut igjen!

**ROMEO**

Å, du velsigna natt. Eg er heilt redd  
at alt som hender er ein nattleg draum,  
for vakker til å vera verkeleg.

*Julie kjem attende.*

**JULIE**

Tre ord du kjære, så god natt for alvor.  
Om kjærleiken er djup og ærleg hos deg,  
så du vil ekte meg, send meg eit ord  
i morgon, med eit bod som gjestar deg,  
om kvar og når du vil at vi skal viast.  
Så legg eg alt eg eig for dine føter,  
og følgjer deg, min elskar, gjennom verda.

**AMMA**

*Innanfor.*

Julie!

**ROMEO**

The exchange of thy love's faithful vow for mine.

**JULIET**

I gave thee mine before thou didst request it:  
And yet I would it were to give again.

**ROMEO**

Wouldst thou withdraw it? for what purpose, love?

**JULIET**

But to be frank, and give it thee again.  
And yet I wish but for the thing I have:  
My bounty is as boundless as the sea,  
My love as deep; the more I give to thee,  
The more I have, for both are infinite.

*NURSE calls within*

I hear some noise within; dear love, adieu!  
Anon, good nurse! Sweet Montague, be true.  
Stay but a little, I will come again.

*Exit, above*

**ROMEO**

O blessed, blessed night! I am afeard.  
Being in night, all this is but a dream,  
Too flattering-sweet to be substantial.

*Re-enter JULIET, above*

**JULIET**

Three words, dear Romeo, and good night indeed.  
If that thy bent of love be honourable,  
Thy purpose marriage, send me word to-morrow,  
By one that I'll procure to come to thee,  
Where and what time thou wilt perform the rite;  
And all my fortunes at thy foot I'll lay  
And follow thee my lord throughout the world.

**NURSE**

*Within*

Madam!

**JULIE**

Eg kjem no. Meiner du det ikkje ærleg,  
tryglar eg deg -

**AMMA**

*Innanfor.*

Julie!

**JULIE**

Ja, på timen -  
La meg få bli aleine med mi sorg.  
Bodet mitt kjem i morgon.

**ROMEO**

Ved mi sjel -

**JULIE**

Ha tusentals god natt

*Julie lukkar vindauget.*

**ROMEO**

Minst tusen gonger  
blir natta svartare når du går bort.

**JULIET**

I come, anon.--But if thou mean'st not well,  
I do beseech thee--

**NURSE**

*Within*

Madam!

**JULIET**

By and by, I come:--  
To cease thy suit, and leave me to my grief:  
To-morrow will I send.

**ROMEO**

So thrive my soul--

**JULIET**

A thousand times good night!

*Exit, above*

**ROMEO**

A thousand times the worse, to want thy light.  
Love goes toward love, as schoolboys from  
their books,  
But love from love, toward school with heavy  
looks.

*Retiring*

*Re-enter JULIET, above*

**JULIET**

Hist! Romeo, hist! O, for a falconer's voice,  
To lure this tassel-gentle back again!  
Bondage is hoarse, and may not speak aloud;  
Else would I tear the cave where Echo lies,  
And make her airy tongue more hoarse than mine,  
With repetition of my Romeo's name.

**ROMEO**

It is my soul that calls upon my name:  
How silver-sweet sound lovers' tongues by night,  
Like softest music to attending ears!



**JULIE**

*Kjem ut nede.*

Når i morgon  
skal bodet koma til deg?

**ROMEO**

Klokka ni.

**JULIE**

Skal bli. Men det er tjue år til da!  
No har eg gløymt kvifor eg ropte på deg.

**ROMEO**

Så blir eg ståande til du kjem på det.

**JULIE**

Da gløymer eg det for å ha deg her,  
og minnest at d'er godt å vera nær deg.

**ROMEO**

Eg står her for at du skal gløyme alt.  
Og gløymer sjølv at eg har annan heim.

**AMMA**

Julie!

**JULIE**

God natt!

**JULIET**

Romeo!

**ROMEO**

My dear?

**JULIET**

At what o'clock to-morrow  
Shall I send to thee?

**ROMEO**

At the hour of nine.

**JULIET**

I will not fail: 'tis twenty years till then.  
I have forgot why I did call thee back.

**ROMEO**

Let me stand here till thou remember it.

**JULIET**

I shall forget, to have thee still stand there,  
Remembering how I love thy company.

**ROMEO**

And I'll still stay, to have thee still forget,  
Forgetting any other home but this.

**JULIET**

'Tis almost morning; I would have thee gone:  
And yet no further than a wanton's bird;  
Who lets it hop a little from her hand,  
Like a poor prisoner in his twisted gyves,  
And with a silk thread plucks it back again,  
So loving-jealous of his liberty.

**ROMEO**

I would I were thy bird.

**JULIET**

Sweet, so would I:

Det er søt sorg å skilja lag.  
Eg byd deg visst god natt til det blir dag.

**AMMA**

*Frå vindauget.*  
God natt!

*Julie går.*

Yet I should kill thee with much cherishing.  
Good night, good night! parting is such  
sweet sorrow,  
That I shall say good night till it be morrow.

*Exit above*

**ROMEO**

Sleep dwell upon thine eyes, peace in thy breast!  
Would I were sleep and peace, so sweet to rest!  
Hence will I to my ghostly father's cell,  
His help to crave, and my dear hap to tell.

*Exit*





## **FOTO**

Bilde frå framsyninga: Gisle Bjørneby

Plakatbilde på framsida: Fredrik Arff

Øvrige bilde: Siren Høyland Sæter

## **TA KONTAKT**

Vi ønsker heile tida å bli betre. Derfor tek vi gjerne imot tilbakemeldingar, kommentarar og spørsmål. Dette kan både gjelde framsyninga du har sett, dette studiemateriellet, eller generelle kommentarar.

Skriv til: [skole@detnorsketeatret.no](mailto:skole@detnorsketeatret.no) eller ring 22473872.